Førsteblad

/

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sauda

Emne: Brynet

Bygdelag: ~~Fondrabyggdå~~

Oppskr. av: Jon Hylen

Gard: Fondrabyggdå

(adresse): Solberg, Fløgstad, Sauda.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

For ordet bryne „Kvasssteidn"
for ordet bryna „Kveddja"
Ordet hein er og nytta, men
helst om ein finare slag
kvasssteidn.
Ein brukar både natursstein
og kunsstein. Ikkje veit
eg av att det vart funne
slik stein her i bygda, heller
ikkje gamle folk veit å fortelja
om det. Den kvasssteidn som
var mest bruka i eldre tid
var Austmannessteidn dei
kalla. Han hadde jetord på
seg for å vera sers god.
Han Bestefar fortalde.
I min ungdom kjøpte me
opp hestar og kyr og dreiv
over fjellet austover til Tele-
mark, og selde dei der. Det
var då vanleg att me kjøpte
med oss attende ymse slags
nyttething m. o. a. kvasssteidn
Me kjøpte til mange som-

4081

2

bad oss, og kunde soleis hava
ikkje so lite av det eine og
andre me oss heimatt. Ke fekk
aldri noko på sovoren handel,
men kretürhandelen kunde
me av og til tena gode pengar
på. Krämkarar hadde og
kvassteidn å selja. Det var
helst Austmenner som selde
kräm. Endå er her namn på
stader i den gamle driftevég
som vitnar om livleg ferdsla
over fjellet. Austmannehaugen
i Slettedalen til dömes
Ja alle reidskaper vart fyrst
slipte på slipesteidn og
deretter kvatte med kvassteidn
Ja til finare reidskaper
nyttar ein hein, helst til å
setja og barberknivar med
Det har nok vore nytta og
tynna Ljåen med hamar, men
det må vera lenge sidan, då
det er lite omtala og vant
å få noko greide på. Sigd (ei)
og Skjerä (ei) vart nok handsama
på same måten. Når
skikken med å slipa Ljäar
kom er og vondt å få noko
sikker greide på; men her var
nokre Ljåar i bruk som dei
kalla „Jelkar" (ein) dei var
utan „rygg eller „barkje" (ein)
kalla. Kaukenda var det tynnsleljä

4081

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Dei var slipte eller tynna som vanlege Ljåar.
Ikkje har eg höyrt umtala nokon soveren stein her i bygda utanom att kvinnfolki bruka dörhella til å kvessa brödknivar på. Ja enno vert det nytta om enn i mindre målestokk.
Nei slipesteidn står alltid heime ved husa helst på ein stad der sola skin minst mogeleg. Det er so ymse, det sjöörst om det er ein dårleg eller god Ljå. Var det langt til slipesteidn måtte ein vera varsam med Ljåen. Då galdt det om å kunna kveddja og halda ein „egg" (ein). Sume kunde slå med ein Ljå op til 3 dagar. Ja kan Beste-far fortalde om ein austmann som slo ei heil veke med ein Ljå; men på slutten måtte Ljåen vole fjukk etter Austmannens eigne ord. „Finn" reiste seg att 3dje gongen og spurde „Kven e de so slær? (Ein Finntust eitt graslag)
Til Ljåen nyttar me „stråka" (ei) fyrr i tida bruka dei henne og til å kveddja med. Stråka vart laga av hard eik eller ask. Det er eitt flatt trestykke med ei kluft i eine enden

4081
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

som höver til barkjen på Gåen
Ein kan med henne lyfta eller
legga Gåen mot jordi allt etter
som han stend i orve.
Eg har aldri höyrt tale om
att dei hadde sand eller tjöra
på stråka, når dei nytta
henne til å kveddja med
Dei spütta på henne eller
straük henne gjenom doggvått
gras. Ko vart stråka laga av
jarn, ikkje til å kveddja med
men like viktig for slåttekaren
som kvassteidn. Det er om å
gjera att Gåen har rette stelling
når ein slår, og her er det
stråka har si opgåve.



Me tek alltid Gåen or orvet
når me slipar. Orvet er berre
i vegen når ein skal slipe
rett og godt. Slik var og er
folkemeininga i bygda. Ein
held alltid seggen mot seg når
ein slipar.
Når ein kvekk stuttorvoljå, set ein
orvet millom læri og krossar
beina. Held med vinstre hand
over barkjen på Gåen innved
„tjonå"(ei) og byrjar kveddja
innanfrå og ut mot toppen
Regelen her. Alle held [illegible] og
Gåå likt svart få kvete likt.

4081

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Langorvet derimot set ein
gamke lett ned i jordi med
enden slik att orvet kjem
op på venstre sida av ein
med ljåen i brysthögde og so
keeke ein ljåen som fyrr om-
tala for stuttorv
Koppen for kvasskien er
„kvåtekolk" sume „kvåtekolk"
Den er laga av tre. Her
slenq vel ein og annan
lerkolk kring i bygda, men
tre er det vanlege
Eg har ikkje höyrt omtala eller
sett kvatekolkar av ku
eller oksehorn
Kvatekolken henger ein helst
bak og til sida.
Vatn er det vanlege og vata
båi slag kvassteinar med
Sume skvettar på, eller stryk
gjenom vått gras, samelei for
fesbråka.
Mjölet eller kvedajinga kallar
me „kvategrut." Att det vart
bruka mot sjukdomar av
ymse slag har eg aldri höyrt
omtala, men derimot er
det gamalt ord som seggjer
Det vart ikkje godt bet i
ljåen fyrr det kjem kvategrut
i kvatekolken. Det er
heller ikkje kjent att kvasskien
skulde leggast i jordi eller

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4081

maurtua for å verta betre, men derimot. Legg aldri kvassteidn frå deg i solsteiken

Nei det er ikkje kjend om sålande kvassteinar. Når ein spyttar på steidn segjer ein for det mesta fri frå men om det tyder noko er ikkje omtala.

Noko ramsa eller visa som vert framsagd under kvedjinga er heller ikkje kjendt.

P. S. Handelsamkvemet med Telemark tok til kring 1860-70 åra.

Haringhedla og Nordlands steidn var og i bruk ei tid, men kvaliteten var heller dårleg. Det var so mykje keglar (ein) i dei.

4081
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING